

Fra: Magnar Askeland <magnaraskeland@yahoo.com>
Sendt: onsdag 14. april 2021 23:35
Til: Postmottak Alver
Emne: Plan v/arealforvaltning

Merknad til Detaljregulering for fv.564 Fløksand-Vikebø i Alver kommune, frå eigar av gnr.343, bnr.8 på Ryland.

Det er eit sterkt ynskje om at høgspenteleidninga vert lagt ned i veggen. Veggen tek 21543m² av vår eigedom, og det vil derfor vera ein stor fordel om ein får frigjort det arealet som eksisterande kraftlinje legg band på.

Med det kartet som eg har tilgang til er det vanskeleg for meg å sjå korleis jord og skogbruksavkjørslene er planlagt, men eg reknar med at desse er tatt med på ein god måte.

Overskotsmassar av stein kan me ta imot på skogsveg som er under planlegging. Det same med jordmassar til oppdyrking langs traseen på 343/8. Eg kan gjerne utarbeida planar for dette.

Mvh.
Magnar Askeland